



Samnanger historielag *- Der gamalt og nytt møtest -*

Årsmelding for Samnanger historielag 2015

Styre og nemnder:

På årsmøte 4. mars 2015 vart Helge Hisdal attvald som leiar. Anne Frøland, Solvor Aadland og Norvald Gjerde vart valde til styremedlemmar for to år. Helge Hisdal og Audhild Aadland Olsnes stod ikkje på val.

Styret i 2015:

Helge Hisdal, leiar.

Anne Frøland, nestleiar.

Solvor Aadland, kasserar.

Audhild Aadland Olsnes, skriver.

Norvald Gjerde, styremedlem.

Vara: Sture Tveit og Tor Wold.

Styret har hatt 8 styremøter , alle på Antons kulturhistoriske senter og handsama 42 saker.

Andre verv i historielaget:

Redaksjonsnemnd: Redaktør Anlaug Røen Hauge og medlemmar Svein O. Aadland, Knut Harald Frøland og Ivar Bård Aadland.

Fondsnemnd: Leiar Tone Tysseland Holmefjord og medlemmar
Bjarne Hauge og Audhild Aadland Olsnes.

Revisorar: Arne Nordbø og Karin W. Knutsen. Vara Ada Haugen.

Valnemnd: Anne Liv Haukanes, Brigt Olav Gåsdal og Sture Tveit.

Medlemmar :

Historielaget hadde 98 medlemmar i 2015, tre nye medlemmar.

Kva har hendt i Samnanger historielag i 2015:

Treskoprosjekt

Januar / februar: Treskoprosjektet Olav B. Lien , Helge Hisdal og Arne Høyland (fotograf) vart slutført.

Så hadde Helge nokre dagar hos navarsmed Johannes Fosse på Holsnøy for å læra å smi treskovektøy. Det er ikkje å få kjøpt.

Helge Hisdal var utsending frå Samnanger historielag til Årsmøte for Hordaland Sogelag på Bømlo og vart der vald som 1 av 5 utsendingar frå Hordaland Sogelag til Landsmøte for Lokal historie i Bø i Telemark i slutten av juni.

Hordaland Sogelag markedsførte Helge som instruktør i treskoggraving. Dermed hamna Helge på Treseminar på Dovre, Trebåtfestival i Norheimsund , Etnedagane. Dessutan har Helge halde treskokurs på Tysnes og Stord.

På denne måten vert Samnanger historielag omtala mange stader og i fleire lokalaviser.

Vårtur

14. Juni skipa historielaget sin vanlege Vårtur. I år var turen Osterøy rundt . Me hadde som vanleg gamal blåbuss med Samning som sjåfør. Me fekk bygdebokforfattar /lærer Geir Kleiveland som guide etter Osterøybrua. Me vitja Havråtunet, Osterøy museum og den gamle Hamrekyrkja. Me rakk også eit godt måltid på Osterøykroa i Lonevåg. Turen heimatt gjekk med ferja Ole Bull frå Valestrand til Breistein.

Botnahytta

Endeleg kom restaureringa i gong ved Vestnorsk bygningsvernsenter som er ein underavdeling av fylkeskonservator /riksantikvar. Trond Oalann vart ansvarleg for arbeidet og var ein dyktig laftesjef. Det var lite Samningar med på arbeidet , men Osingar og Trond frå Arna fullførde arbeidet.

Samnanger turlag og Historielaget rydja veg og sti før opning samt ein del anna arbeid.

Kulturminneplanen i Samnanger som Historielaget var med og laga var nok ein av grunnane til at Riksantikvaren fekk interesse for hytta og gav 200 000 kr til restaureringa.

Den offisielle ny opninga var fredag 18. sept . midt på dagen med både ordførar og kultursjef samt brukarar av hytta under krigen og etterkomarane deira . Det var ikkje så mange «arbeidsfolk» som kunne koma midt i arbeidstida. Me skipa difor ein fellestur saman med Pensjonistlaget laurdag 24. okt. Då kunne dei koma som ikkje fekk med seg opningsdagen, men det vart kun 8 personar som møtte.

Hoppbakkar

Me har etter eigne planar og oppmoding frå kultursjefen prøvd å registrera stader der det har vore hoppbakkar i Samnanger.

Til no er det registrert og stort sett kartplassert 58 bakkar der det vart hoppa mellom 10 meter og 57 meter. Med omtale i Samningen oppmodar me folk til å leita fram gamle bilete frå hopping, eller hopphistoriar.

Haustforedrag

Onsdag 21. okt. hadde me foredrag av Øyvind Neteland frå Kvam. Tittelen var «Hesteskyss over Kvamskogen i gamal tid».

Han er 3 generasjons Neteland bonde med særskild interesse for lokalhistorie.

Det vart ein interessann kveld , med kaffi og vaflar for dei ca 30 fram møtte.

Julamessa og utdeling frå kulturhistorisk fond

Laurdag 7. nov var det julamessa i Grendahuset. Då var det også bokslepp med Årboka for 2015. Me fekk seld ein del årbøker, filmar m.m. Fekk og nye medlemmar. Historielaget hadde og litt gamle ting og treskoutstyr som utstilling. Anton Drønen frå Antons kulturhistoriske senter fekk då utdelt 20.000 kroner frå fondet. Nett før jul på boksleppet av Nordbygdaboka skrevet av Svein O. Aadland fekk og Svein O. Aadland utdelt 30.000 kroner frå fondet.

Treskolaging på skulane i Samnanger

Helge Hisdal var to dagar i desember på barneskulen og på ungdomsskulen, og fortalde og synte korleis ein tresko vert laga.